

ÅRSMELDING FIN 2019

Årsmøte 2019

Årsmøtet i Flora Industri og Næringsforening vart halde 20. mars 2019, på Quality Hotel Florø. 33 personar møtte fram på årsmøtet.

På årsmøtet vart følgjande styre valt:

Leiar	Gustav Johan Nydal (ikkje på val)
Nestleiar	Roald Førde (nyl) vald for 2 år
Styremedlem	Thor Arne Ullaland (ikkje på val)
Styremedlem	Marianne Ullaland Knapstad (ikkje på val)
Styremedlem	Kristin Bergstøl Hansen (attvald) for 2 år
Varamedlem	Janicke Svendal (attval) vald for 1 år
Varamedlem	Svein Nødseth (ny) vald for 1 år

Som valnemnd vart Siv Merete Stadheim (attval), Kjetil Søvik (attval) og Bjørn Hollevik (attval) valde for 1 år. Valkomitéen konstituerer seg sjølv.

Årsmøtet gav tilbakemelding til styret om å fortsette arbeidet med å utvikle samarbeidet med næringslivet i Sunnfjord og Vågsøy, og bygge nettverk med Aksello og Maritim Forening SF. Ein må jobbe for fortgang i arbeidet med å løyse trafikkproblema i sentrum, og arbeide for auka aktivitet innan havbruk i vårt distrikt. Høgskulen er ein viktig samarbeidpart for å få søkarar til studium og etter- /vidareutdanning for næringslivet.

Temamøte:

Etter årsmøtet var ordførarkandidatane i Kinn kommune inviterte til å presentere sitt syn på næringspolitikken i den nye kommunen. Det var sett op 5 tema på agendaen; vekst, det grønne skiftet, heile kommunen, «vi» haldning, utfordringar. Ordstyrar var Svein Nødseth, og kandidatane som stilte var Jan Henrik Nygård (for Jakob Nødseth, Venstre), Odd Bovim (MDG), Morten Hagen (Høgre), Gustav Johan Nydal (KrF) og Ola Teigen (Ap).

Styrearbeid

Sidan årsmøtet 20.3.2019 har styret i FIN hatt 7 styremøter. I tillegg har FIN arrangert 3 opne møter, dvs. bedriftsbesøk i Svelgen, julemøte i samarbeid med NPF og møte om kommunedelplan. Ein har hatt to spørjeundersøkingar via nettsida; om leverandørar til Zephyr og koronasituasjonen.

Dei viktigaste sakene har vore:

- Utarbeiding av nytt arbeidsprogram 2019/2020
- Organisere ope møte/bedriftsbesøk i Svelgen
- Rekrutteringsprosjekt i samarbeid m/Aksello
- Møte med Widerøe, og innspel til flyrutene
- Leverandørar til Zephyr
- Planlegging av julemøte 28. nov.
- Organisere ope møte om kommunedelplan
- Innspel kommunedelplan
- Innspel til Flora kommune vedr næringsareal
- Innspel til Flora kommune vedr trafikkproblem i Florø sentrum
- Spørjeundersøking vedrørende korona.

Arbeidsprogram 2019

I arbeidsprogrammet for 2019 hadde FIN fokus på arbeidet med å sikre næringslivet og private tilgang på nærings- og bustadareal. Oppfølging av kommunedelplanar har difor vore viktig. Havnæringa og det grøne skiftet er eit anna punkt som FIN hadde fokus på i arbeidsprogrammet. For å bidra til næringsutvikling ser FIN det som avgjerande å støtte Aksello sitt arbeid og delta aktivt i deira felles møteplassar. Samferdsle er ein viktig del i arbeidsprogrammet, og FIN har engasjert seg sterkt i både flyplasstilbodet og trafikksituasjonen i sentrum.

Rekrutteringsprosjekt v/ Aksello

FIN har bevilga kr 75.000 til Aksello sitt rekrutteringsprosjekt, der FIN skal vere oppdragsgjevar. Kr 50.000 av årets budsjett og kr 25.000 av 2020 budsjettet. Prosjektet går i korte trekk ut på å rekruttere nye arbeidstakarar til Florø, ved hjelp av marknadsføring og synleggjering. Planen er ein film som skal vise kva næringslivet og byen har å by på, og ein startpakke. Målgruppa er unge og nyutdanna + familiar med barn. Budsjettet er på 900.000. Aksello søker finansiering gjennom kommunalt næringsfond, Sparebankstiftinga, BIS, Fylkeskommunen og Framtidsfylket.

Leverandørar til vindmølleprosjektet

FIN har hatt ute ein spørjeundersøking, om levering av varer og tenester til Zephyr si utbygging på Guleslettene. Svara frå denne er samanstilt og oversendt til Zephyr.

Svelgen – stor aktivitet med Florøfirma

Det er stor aktivitet i Svelgen, der mange Florøbedrifter er engasjerte. FIN arrangerte eit ope møte / bedriftsbesøk til Svelgen 12. juni. Det var 13 deltakarar med frå Florø. I Svelgen fekk ein omvisning på Elkem Bremanger og møte medSteinvik Fiskefarm som satsar stort på rensfisk og smoltanlegg. Det kom fram at åtte Florøfirma har oppdrag på Elkem Bremanger og 6 firma frå Florø er engasjerte av Steinvik Fiskefarm.

Flyruter/ Widerøe

Styreleiar og andre styremedlemmer har delteke på møter med Widerøe og lufthamna. Hovudmålet for FIN er å få eit meir forutsigbart flytilbod, som blir gjennomført etter planen - i heile perioden – og som gagnar næringslivet med tanke på avgangar og pris.

FIN har ved fleire høve tatt opp at flytilbodet begynner å bli tilfredstillande, men at prisane er for høge og kan virke konkurransevridande. Dette vart tatt opp i samband med transport av oljearbeidarar til West Mira (vest av Florø), som går frå Bergen. Vinteren 2020 vart flyrutene på Florø Lufthamn redusert. Dette gjer i rutetilbodet lite forutseieleg, og gjer det vanskeleg for næringslivet å nytte tilbodet.

Julemøte FIN og NPF Sogn og Fjordane (Petroleumsforeninga)

Møtet 27. november hadde god oppslutnad med rundt 50 frammøtte. Representant for Zephyr orienterte om vindkraftutbygginga på Guleslettene og ringverknader for vårt område. Widerøe orienterte om flyselskapet planar og tankar om vidare utvikling av flytilbodet til/frå Florø.

Gebyrregulativ Kinn kommune

Måløy Vekst og Flora Industri- og Næringsforening fremja eit innspel vedrørende byggesaksgebyr for førehandskonferanse på kr. 2720. Ein la vekt på at Kinn kommune har eit sterkt næringsliv med stor aktivitet, og mange gründerbedrifter. Som tilretteleggjar og pådrivar for at både nye og etablerte bedrifter skal få utvikle seg, meiner Måløy Vekst og FIN at førehandskonferansen i byggesaker bør vere gratis.

Innspel til arbeidet med kommunedelplan (KDP)

FIN arrangerte ope medlemsmøte om til KDP Florelandet – Brandsøy, den 13. januar i Fokushuset. Anders Espeseth orienterte om planen, som tar for seg areal til bustad, industriareal, flyplass og næring. Viktige tema er fortetting og infrastruktur. Styret i FIN sendte i etterkant innspel til KDP, der dei viktigaste tema var at industriarela i Gunhildvågen må oppretthaldast, utviding av flyplassen, redusert arealkrav til parkeringsplassar ved næringsbygg og avsetting deponeringsareal til problemugraset parkslirekne.

KORONA spørjeundersøking

I samband med koronautbrotet hadde FIN ute ein spørjeundersøking (i mars) om konsekvensane for medlemsbedriftene. Det viser at dei statlege tiltaka som er sett i verk med tanke på permitteringar og sjukefråvær har virka bra så langt. Det som no skapar problem er at store prosjekt stoggar opp, varestraumen frå utlandet er meir usikker og det er vanskelegare å få kapitaltilgang. Ikkje minst er det store vanskar for dei som driv butikk. Heile næringslivet og samfunnet er prega av usikkerheit. Ein treng langsiktige hjelpepakkar så lenge ein er påverka av koronasituasjonen. Kinn kommune bør som innkjøpsaktør vere på bana for å skape aktivitet, og medlemsbedriftene bør handle lokalt.

Innspel til Kinn kommune vedrørende næringsareal

Behovet for næringsareal er ein gjengangar i FIN sitt arbeid. FIN har tidlegare oppfordra kommunen om å oppdatere lista si over tilgjengeleg areal – på eiga nettside. Samtidig har FIN presisert at det er viktig å sjå samanhengen mellom tilgjengeleg næringsareal og kommunikasjonar / transport. Fleire av dei tilgjengelege areala i Florø har ein svært vanskeleg og kronglete tilkomst. Dette gjeld spesielt sambandet mellom Gunhildvågen og Fugleskjerskaia samt austover ut av sentrum - der ein må køyre gjennom Markegata og Lindheimsvegen / Stadionbakken.

Styret i FIN har på det sterkaste oppfordra kommunen om å få fortgang i å utbetre dei flaskehalsane som er på desse vegstrekingane. Reguleringsplanen for Lindheimsvegen / Stadionbakken må effektuerast. Victoria-krysset og Markegata må og få sine tiltrenge utbetringar, slik at ein kan ferdast trygt og effektivt.

Innspela til kommunen har gått via brev og presseoppslag.

Organisering

Kinn Regnskap AS har også i 2019 vore forretningsførar for FIN. A til Å v/ Anita Øygard har vore engasjert for å utføre sekretærfunksjonen i FIN.

Medlemsutvikling FIN hadde 66 medlemsbedrifter pr. 31.12. 2019.

Møteaktivitet

Utover styremøter har foreininga har hatt tre ope medlemsmøte i løpet av dette arbeidsåret. Dvs. bedriftsbesøk i Svelgen, felles julemøte med Petroleumsforeninga og ope møte om kommunedelplan. Representantar frå FIN har delteke på ein del konferansar, arrangert av HUB for Ocean, Petroleumsforeninga og Fylkeskommunen. Det har vore arrangert månadlege frukostmøte i arbeidsåret, i regi av Aksello. FIN ser på dette som eit viktig supplement til aktiviteten i FIN. Aksello si rolle som lokal næringsutviklar og regional inkubator er avgjerande viktig for utviklinga av næringslivet i Florø. Som største eigar foreslår styret i FIN at vi også i år bidreg med kr 100.000 i driftsstøtte til Aksello.

Styreleiar i FIN har delteke på fleire møter i 2019 i samband med flyplass saka med Widerøe, kommunen og oljenæringa, møter med Måløy Vekst og Førde Næringsssamskipnad. Leiar har også hatt fleire utspel i media vedrørande næringsareal, trafikkbilde, vidaregåande opplæring og flyplass saka.

Florø 28. februar 2020

Gustav Johan Nydal
Leiar FIN

Roald Førde
Nestleiar

Marianne Ullaland Knapstad
Styremedlem

Thor-Arne Ullaland
Styremedlem

Kristin Bergstøl Hansen
Styremedlem